



Ternens Håvard Pedersen vann nappetaket om seigeren i seniorklassa. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ternen vann seniorklassa for menn og Uskedal seniorklassa for kvinner under Kvinnheradmeisterskapet i stafett som vart avvikla svært profesjonelt av Rosendal Turnlag og under framifrå ver- og føreforhold i Fjellhaugen søndag ettermiddag.



Trioen frå Uskedalen som vann senior damer: Astrid Haugland, Sara Hjelmeland Arnesen og Cathrine Haugland. (Ola Matti Mathisen)

I innspurten på sisteetappa hadde Ternens Håvard Pedersen eit knallhardt nappetak med Omvikdalens Øyvind Sandvik og det skilte berre eitt sekund i mål. Dei to andre på Ternens vinnarlag var Magne Heien og Iver A. Blokkum.

Det stilte tilsaman 18 lag i meisterskapet og Uskedal hadde seks av dei. Deltakarane gjekk klassisk på første-etappen medan dei skøyta på dei to andre.



Sterk Uskedalstrio i 13-16 år er Ingebjørg Haugland, Katrine Yri Røsland og Kari Bråtun. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rosendal kom på tredje-plassen og førstelaget til Uskedal på fjerde-plassen. På Uskedalslaget stilte Ole Vidar Monsen, Bjarne Lilleaas og Oddmund Soldal og laget kom inn på 47,15 medan vinnarlaget hadde 43,19. Uskedal stilte eitt lag til med Pål Haugland, Yngve Myhre og Alf Berland som mannskap og dei kom inn på sjetteplassen med 50,13.



Uskedal-veksling: Bjarne Lilleaas vekslar med Oddmund Soldal. (Foto:Ola Matti Mathisen)

I kvinneklassa deltok berre to lag og uskedelingane som vann var Astrid Haugland, Sara Hjelmeland Arnesen og Cathrine Haugland. Vinnartida var presis 40 minuttar medan Rosendal på andre plass hadde 43,48.

I guteklassa 13-16 år vann Rosendal foran Matre. I denne aldersklassa for jenter stilte det som vanleg berre eitt lag, Uskedal, og Ingebjørg Haugland, Katrine Yri Røssland og Kari Bråtun kom inn på 21,19.

I klassa for jenter 10-12 år hadde Rosendal tida 21,43 medan Uskedalen kom inn på 23,19. Rosendal hadde Sara Guddal, Mari Klette Leganger og Mari Omvik Furdal på laget medan uskedelingane som stilte var Solveig Haugland, Veslemøy Haugland og Maren Bjørnebøle.

I klassa for gutar 10-12 stilte Rosendal med tre lag og Matre og Uskedal med eitt kvar. Rosendals førstelag hadde tida 15,13 medan Matre hadde 19,20, Rosendals andre lag 20,19 og Uskedalen 20,47. Uskedalingane her var Hermund L. Døssland, Marius Myklebust og Johannes Haugland.



Uskedal-veksling: Sara Hjelmeland Arnesen vekslar med Astrid Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)
Av Ola Matti Mathisen